



FLORA KOMMUNE

# Føresegner og retningslinjer

Kommuneplanens arealdel 2017-2021

Etter vedtak Bystyret 21.03.17

| Handsaming         | Politisk organ       | Sak    | Dato     |
|--------------------|----------------------|--------|----------|
| 1.gongs handsaming | Plan-og miljøutvalet | 031/15 | 26.05.15 |
| 2.gongs handsaming | Plan-og samf.utvalet | 011/16 | 08.03.16 |
|                    | Bystyret             | 018/16 | 15.03.16 |
| 3.gongs handsaming | Plan- og samfutvalet | 036/16 | 20.09.16 |
| 4.gongs handsaming | Plan- og samfutvalet | 055/16 | 13.12.16 |
|                    | Bystyret             | 116/16 | 20.12.16 |
| 5.gongs handsaming | Plan- og samfutvalet | 009/17 | 07.03.17 |
| Endeleg vedtak     | Bystyret             | 018/17 | 21.03.17 |

# Innheld

|  |    |
|--|----|
| 1 INNLEIING .....  | 4  |
| 1.1 Verknader av planen .....  | 4  |
| 1.2 Forholdet til eksisterende planar .....                                      | 4  |
| 1.3 Føresegner og retningslinjer si oppbygging og struktur .....                 | 4  |
| 2. GENERELLE FØRESEGNER .....  | 4  |
| 2.1 Krav om reguleringsplan (§11-9 nr.1) .....                                   | 4  |
| 2.2 Rekkefølgjekrav (§11-9 nr.4).....  | 5  |
| 2.3 Risiko, sårbarheit og Naturfare .....  | 5  |
| 2.4 Byggjegrenser (§ 11-9 nr.5) .....  | 5  |
| 2.5 Universell utforming (§ 11-9 nr.5) .....                                     | 6  |
| 2.6 Renovasjon (§11-9 nr.3).....   | 6  |
| 2.7 Estetikk, landskapsomsyn og kvalitet (§11-9 nr.6) .....                      | 6  |
| 2.8 Krav til estetikk og arkitektur i vidare reguleringsarbeid (§11-9 nr.8)..... | 7  |
| 2.9 Sjøbuer (§11-9 nr.7), jfr vedlegg illustrasjon lokalisering sjøbuer .....    | 7  |
| 2.10 Svanøy Bruks- og verneplan.....   | 8  |
| 3 OMRÅDE FOR BYGG OG ANLEGG (§ 11-7 nr. 1 o§11-10 nr.1-2) .....                  | 8  |
| 3.1 Bebyggelse og anlegg (sosi 1001) .....                                       | 8  |
| 3.2 Bustadområde (sosi 1110) .....   | 8  |
| 3.3 Område for fritidsbustader (sosi 1120) .....                                 | 9  |
| 3.4 Fritids- og turistføremål (sosi 1170).....                                   | 10 |
| 3.5 Sentrumsføremål (sosi 1130).....   | 11 |
| 3.6 Råstoffutvinning (sosi 1200) .....   | 12 |
| 3.7 Næringsområde (sosi 1300).....   | 12 |
| 3.8 Idrettsanlegg (sosi 1400).....   | 13 |
| 3.9 Andre typar bygg og anlegg (sosi 1500).....                                  | 13 |
| 3.10 Grav- og urnelund (sosi 1700).....  | 14 |

|  |    |
|--|----|
| 4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (§ 11-7 nr.2) .....                 | 15 |
| 4.1 Hamn (sosi 2040) .....   | 15 |
| 5 GRØNNSTRUKTUR (§ 11-7 nr. 3) .....   | 15 |
| 5.1 Friområde (sosi 3040) .....  | 15 |
| 6 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (§11-7 nr. 5).....                        | 15 |
| 6.1 LNF-område (sosi 5100).....  | 15 |
| 6.2 LNF-område for spreidd utbygging (sosi 5200).....                            | 16 |
| 6.3 Spreidd fritidsbustad (sosi 5220) .....                                      | 19 |
| 6.4 Spreidd næring (sosi 5230) .....   | 19 |
| 7 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE.....                           | 20 |
| STRANDSONE (§ 11-7 nr. 6).....   | 20 |
| 7.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (sosi 6001) ..... | 20 |
| 7.2 Ferdsel (sosi 6100) .....  | 20 |
| 7.3 Farlei (sosi 6200) .....   | 21 |
| 7.4 Småbåthamn (sosi 6230) .....   | 21 |
| 7.5 Fiske (sosi 6300).....   | 22 |
| 7.6 Område for akvakultur (sosi 6400) .....                                      | 22 |
| 7.7 Areal for kombinert formål (sosi 6800) .....                                 | 24 |
| 7.7 Friluftsområde i sjø (sosi 6700).....  | 24 |
| 8 OMSYNSSONER (§11-8 a-f) .....  | 24 |
| 8.1 Sikringssone (H110) .....  | 24 |
| 8.2 Faresone (H310, H370) .....  | 25 |
| 8.3 Bandleggingsone (H710, H720, H730, H740).....                                | 25 |
| 8.4 Gjennomføringszone (H810).....   | 26 |
| 8.5 Sone med angitte særlege omsyn (H510, H530, H550, H560, H570) .....          | 26 |

## 1 INNLEIING

### 1.1 VERKNADER AV PLANEN

Kommuneplanen er utarbeidd med heimel i plan og bygningslova (Pbl) §11-5. Kommuneplanen skal leggjast til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen, Pbl §11-6.

### 1.2 FORHOLDET TIL EKSISTERANDE PLANAR

Alle vedtatte reguleringsplanarer gjeld. I plankartet er vist alle reguleringsplanar bortsett frå i områda for kommunedelplanar. Dersom det er motstrid med reguleringsplanar gjeld dei generelle føresegnehene i denne planen.

### 1.3 FØRESEGNER OG RETNINGSLINJER SI OPPBYGGING OG STRUKTUR

Tekst som ligg i grå tekstboks er juridisk bindande føresegner. Føresegnehene er delt i generelle føresegner (§11.9) og i geografiske føresegner(§§11.10-11). Dei generelle føresegnehene gjeld for alle område innanfor kommuneplanen uavhengig av planformål. Dei geografiske føresegner gjeld for det enkelte området. Desse to delane verkar i lag.

Retningslinjer utan juridisk verknad står i kursiv utanfor grå tekstboks. Retningslinjene er rettleiande for kommunen si sakshandsaming og kan ikkje brukast som sjølvstendig grunngjeving for vedtak.

Heimel i Pbl er oppført saman med overskriftene.

## 2. GENERELLE FØRESEGNER

### 2.1 KRAV OM REGULERINGSPLAN (§11-9 NR.1)

- a. I område avsett til bygg og anlegg (pbl §11-7 nr. 1) og samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl §11-7 nr. 2) med underføremål kan tiltak som krev søknad og løye etter pbl §§20-1 og 20-2 ikkje tillatast før området inngår i godkjent detaljregulering. Kommunen kan krevje at større areal enn det vert søkt om vert regulert.
- b. I område avsett til neverande bygg og anlegg jfr. pbl §11-7 nr. 1 med evt. underføremål kan det gjevast løye til mindre tiltak på bygd eigedom, jfr. pbl § 20-4 a (tilbygg, frittståande uthus/garasje mm.), mellombelse bygningar, konstruksjonar og anlegg, jfr. pbl §20-4 c, og andre mindre tiltak, jfr. pbl §20-4 e, utan at det ligg føre reguleringsplan. Tiltaket skal innpassast i eksisterande struktur og underordne seg eksisterande bygg når det gjeld høgde og volum. For slike tiltak gjeld 3.2.
- c. I område avsett til neverande bygg og anlegg jfr. pbl § 11-7 nr. 1 utan spesifisert underføremål eller med underføremål bustader kan det gjevast løye til tiltak etter pbl §20-1 som gjeld bustadføremål (frådeling til bustadtomt, oppføring og utviding av bustad mm.) utan at det ligg føre reguleringsplan. Det kan òg gjevast løye til avkøyrsler, mindre kaier, nettstasjon, pumpehus og liknande tiltak som hører til bustaden/tunet. Tiltaket skal innpassast i eksisterande struktur og underordne seg eksisterande bygg når det gjeld høgde og volum.
- d. Det vert sett krav om detaljreguleringsplan for gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, jfr Pbl §12-1. Det betyr at det vil kunne krevjast regulering der det etter kommunen sitt skjøn er snakk om større tiltak som til saman eller kvar for seg

- vil ha betydning for omgjevnaden
- rører mange interesser
- har betydning for nasjonal interesse eller nasjonal politikk
- er i strid med kommunen sine vedtekne mål og prioriteringar
- har konsekvensar for infrastruktur (vei, vatn, avlaup) som til dømes behov for ny infrastruktur, eller utbetring av eksisterande
- treng nærmere dokumentasjon, vurdering og avklaring i høve til føresegner om estetikk, arkitektur og byform.

## 2.2 REKKEFØLGJEKRAV (§11-9 NR.4)

Areal sett av til bygg og anlegg, jfr. pbl §11-7 nr. 1, kan ikkje takast i bruk før det er utarbeidd samla plan for nødvendig infrastruktur som veg, gang/sykkelveg, vatn, avløp, energiforsyning og renovasjon, samt tilkomst og parkering i samsvar med gjeldande krav i kommuneplanen.

## 2.3 RISIKO, SÅRBARHEIT OG NATURFARE

- a. For søknadspliktige tiltak som ligg i område med potensiell naturrisiko, medrekna fare for steinsprang og/eller snøskred, skal det utarbeidast faresonekart. Før området kan takast i bruk skal det vere gjort fagkunnige utgreiingar, og eventuelle sikringstiltak skal vere gjennomført.
- b. Planlegging og tiltak skal utførast i samsvar med TEK10 kap 7 slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av hendingar knytt til naturfare.
- c. Nivå for stormflo vert sett til kote 3,6 (NN2000) for øyane og kote 3,0 (NN2000) for resten av kommunen. Desse kotehøgdene er førande, og kan fråvikast i den einskilde plansak/byggesak dersom det vert dokumentert at andre verdiar kan leggjast til grunn. Det skal då gå fram av saka kva høgde som er lagt til grunn for dei einskilde tryggleiksklassane i TEK10. Ved berekning av stormflo-nivå er det 95-persentilen for år 2100 i RCP8.5 senarioet som skal leggjast til grunn. Planerte flater og kaier må etablerast på ein slik måte at toppnivå kan hevast i takt med nivå for havstigning. Det må takast omsyn til havnivåheving ved plassering av tekniske installasjoner.

Stormflo skal reknast ut i frå følgjande formel:

Stormflo = Returnivå for stormflo + Havnivåstigning 95 persentil – korreksjon for NN2000 +signifikant bølgjehøgde.

- d. Ved lokalisering, planlegging og gjennomføring av tiltak skal det takast omsyn til klimatiske forhold som sol, vind, kaldras, bølgjeslag mm.

- e. Ved utarbeiding av ROS-analyser, skal Flora kommune sine akseptkriterier for risiko og sårbarhet (2017) brukast.

## 2.4 BYGGJEGRENSER (§ 11-9 NR.5)

- a. Byggjegrense mot sjø er 100 meter dersom ikkje anna er fastsett i reguleringsplan eller byggegrenser.
- b. I område avsett til bygg og anlegg med ev. underføremål, jfr. pbl §11-7 nr. 1, og område for LNF Spreidd er byggjegrenser lik føremålsrensene. Det skal ikkje førast opp bygningar eller andre stengsel som hindrar allmenn ferdsel i strandsona. c. Den generelle byggjegrensa mot vassdrag er 30 meter dersom ikkje anna er fastsett i reguleringsplan eller byggegrenser.

- d. Følgjande tiltak kan lokaliseras nærmere sjø eller vassdrag enn byggjegrense fastsett i planføresegne pkt. 2.4 a-c:
- Nødvendige bygningar og tekniske innretningar knytt til regulerte vassdrag
  - Nødvendige bygningar og anlegg knytt til landbruk i tilknyting til eksisterande tunskipnad, fiske, akvakultur og ferdsel til sjøs, jfr. pbl §11-11 nr.4
- e. Byggjegrense mot kommunal veg er 15 meter fra senterlinje veg der ikkje anna er fastsett i reguleringsplan eller kommuneplan.
- f. Bustadhus/fritidshus skal ikkje byggjast nærmere privat veg enn 4 meter fra vegkant.

## 2.5 UNIVERSELL UTFORMING (§ 11-9 NR.5)

Alle bygningar, anlegg og uteareal som er tilgjengelege for ålmenta og/eller har publikumsretta funksjonar, skal utformast etter prinsippet om universell utforming. Planar og tiltak skal til ei kvar tid baserast på prinsippa om universell utforming i samsvar med tilrådde løysingar i gjeldande rettleiarar og forskrifter.

## 2.6 RENOVASJON (§11-9 NR.3)

Ved utbygging av nye område og ved nybygging/ombygging/bruksendring skal det settest av tilstrekkeleg og eigna areal for oppsamlings- og hentestader for renovasjon, inklusive tilkomst, oppstillings- og manøvreringsareal. Jfr. pbl. §11-9 nr.5.

## 2.7 ESTETIKK, LANDSKAPSOMSYN OG KVALITET (§11-9 NR.6)

- a. Tiltak skal ha god tilpassing til tomte- og byggjestruktur på staden, terrenget og landskapet og det skal leggjast vekt på å unngå fjernverknadar av tiltak. Tiltak skal heller ikkje bryte dominante landskapssiluettar og det skal ikkje gjerast skjemmande terrenginngrep.
- b. Tiltak skal ha gode arkitektoniske kvalitetar med god fagleg grunngjeving og utførast med varige materialar og godt gjennomarbeidde detaljar.
- c. Tiltak skal ha eit formspråk som harmonerer med bygg og bygningsmiljø elles i området. Dersom dei bryt med eksisterande volum og proporsjonar for området, skal dette løysast med formmessig oppdeling.
- d. Materialbruk og fargeval skal vere tilpassa og grunngjeve med omsyn til omgjevnadane.
- e. Tiltak nær kulturminner skal utformast slik at dei har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til kulturminnet og omgjevnadane.

### **Retningslinje:**

- a. *Tiltak på eksisterande bygningar bygt før 1900 (SEFRAK-registeret), som gjeld tilbygg, påbygg, ombygging, riving eller utvendige reperasjonar bør vurderast ekstra kritisk. Det kan vurderast å innhente uttale frå regional kulturminneforvaltning.*
- b. *Tiltak som omfattar bygging på gamle sjøhusmurar bør vurderast tillatt ved god arkitektonisk og kulturminnefagleg grunngjeving.*

## 2.8 KRAV TIL ESTETIKK OG ARKITETUR I VIDARE REGULERINGSARBEID (§11-9 NR.8)

- a. Ved utarbeiding av reguleringsplan skal det utarbeidast ei estetisk grunngjeving for valde løysingar. Det skal gjerast greie for plassering av tiltaket i forhold til tilstøytande busetnad, gateløp, terren og siktlinjer. Grunngjevinga skal supplerast med illustrasjonar som visuelt viser tilpassing til eksisterande bygningsmiljø, gate/veg, uterom, siktlinjer og terren.
- b. Høgdefastsetjing skildrast med kotehøgde for gesims- og mønehøgde, og illustrerast med terrenprofilar med tverrsnitt og lengdesnitt av eksisterande og nye bygg.

## 2.9 SJØBUER (§11-9 NR.7), JFR VEDLEGG ILLUSTRASJON LOKALISERING SJØBUER

- a. Ved fortetting og nye hus på gamle sjøhusmurar skal proporsjonar vere forankra i tilstøytande bygningsmiljø og følgje murlivet. Topp mur kan hevast med oppmuring. Ny mur skal utførast i same form og byggjast med tilsvarende materiale som muren under. Takvinkel 35-40 grader. Mønehøgd kan vere avvikande med inntil 0,5 m i høve til tilstøytande bygg. Møneretning parallel med langsida.
- b. Ved ombygging eller nybygg i sjøhusmiljøet, skal altanar, balkongar ikkje monterast med utgang frå 2.etg el. loft. Slike skal ikkje førekommme i sjøfronten som utanpå-liggande synlege konstruksjonar, men kan vurderast som ein innebygt eller inntrekt del på gavlveggane.
- c. Dei gamle sjøhusa skal ha vindauge i samsvar med tradisjonen. Bruksendring som inneber at bygget blir oppvarma til normal innetemperatur bør ha vindauge av typen kopla. Utanpåliggende smale sprosser av tre, plast og aluminium kan nyttast. Vindaugsproporsjonar skal og vere i samsvar med tradisjonen, 8-10M breidde og 10-12M høgde. Ytterdører av typen «labank» (uisolert) bør nyttast ved bruksendring/ombygging. For nybygg i eksisterande miljø (fortetting) kan andre typar nyttast.
- d. I vedlikehald av gamle sjøhus kan og bør «lappe»-metoden nyttast (gjenbruk av materialer). Bølgeblikk og stålplater er tillate. Utskifting av kledning skal skje etter historisk mal, ståande slik det har vore, og liggande der det har vore.
- e. Nye hus i miljøet kan ha liggande eller stående kledning. Også for nyoppførte hus er gjenbruk av materialar tillate. Omfattar også flytting av hus. Berande og avstivande konstruksjon skal primært vere av tre, men innslag av andre materialer er tillate.
- f. Nye hus i sjøhusmiljøet skal ha saltak, takvinkel 35-40 grader eller tilsvarende nabobygg. Materiale til tekking er fritt, men fargen skal ta omsyn til nabobygget.
- g. Vorrar kan murast med rettkantstein og ha horisontal avslutning. Toppavslutning kan også følge stigninga til fjæra.
- h. Mudring av stø framfor naust for å auke tilflat skal ikkje godkjennast.
- i. Godkjent tippfylling skal ha «plastrå» avslutning.
- j. For nye bygg i området kan gamle natursteinfundament nyttast. Det kan også nyttast stolpar av tre og søyler av betong. Høge ringmurar av betong må forblendast med naturstein.
- k. Nybygg med avvik frå tradisjonell utføring skal kunne tillatast ved god arkitektonisk grunngjeving og godt dokumentert søknad.
- l. Planlagde tiltak i sjø må sendast til regional kulturminnemynde – Sjøfartsmuset til gjennomsyn og uttale før kommunen gjer vedtak.

**Retningslinje:**

- Ubehandla treverk er historisk riktig. Sjøhus som er malte har i hovedsak fargen «engelsk rød». Ved rehabilitering og nybygg bør dette vere hovedregelen. Annan farge kan vere oker eller mørk gul.*

## 2.10 SVANØY BRUKS- OG VERNEPLAN

For Svanøy er det i 1997 etablert ein bruks- og verneplan, der grunneigarar, kommune og staten har signert. Der det oppstår tvil om bruk av områder, skal gjeldande Svanøy Bruks- og verneplan tilleggast avgjerande vekt.

## 3 OMRÅDE FOR BYGG OG ANLEGG (§ 11-7 NR. 1 O§11-10 NR.1-2)

### 3.1 BEBYGGELSE OG ANLEGG (SOSI 1001)

Tabellen nedanfor syner område avsett til bebyggelse og anlegg.

| Stad | Bustader | Daa | Maks tal nye eininger | Krav om reguleringsplan |
|------|----------|-----|-----------------------|-------------------------|
| Rota | BA1      | 460 |                       | Ja                      |

Føremålet gjeld byggjeområde for bustader, fritidsbustader, sentrumsføremål, kjøpesenter, forretning, offentlig eller privat tenesteyting, fritids- og turistføremål, (råstoffutvinning), næringsbebyggelse, idrettsanlegg, uteoppahaldsareal, grav og urnelund og kombinert bebyggelse og anleggsføremål.

### 3.2 BUSTADOMRÅDE (SOSI 1110)

Tabellen nedanfor syner område avsett til bustadføremål.

| Stad      | Bustader | Daa | Maks tal eininger | Krav om reguleringsplan |
|-----------|----------|-----|-------------------|-------------------------|
| Klauvene  | B9       | 18  | 3                 |                         |
| Bjørnseth | B10      | 8   | 6                 | Ja                      |
| Bjørnseth | B11      | 52  | 10                | Ja                      |

a. Føremålet gjeld byggjeområde for bustader med tilhøyrande tekniske anlegg, uthus, garasje, parkering, vegar, mindre brygge/kai nærmere bustadhuset enn 25m, nettstasjon, pumpehus, leikeplassar og anna fellesareal og frådeling til slike føremål.

b. Ved utarbeidning av reguleringsplan skal det settast av minst 50 m<sup>2</sup> felles uteoppahaldsareal for kvar bustadeining i område for frittliggende bustader. For konsentrerte bustader skal det settast av minst 25 m<sup>2</sup> felles uteoppahaldsareal per bustadeining. Oppahaldsareal skal vere eigna for leik og opphold heile året, og kunne nyttast av ulike aldersgrupper. Areala skal ikkje ha støy over 55 dB og skal vere sikra mot ureining, trafikkfare og annan helsefare.

c. Ved utarbeidning av reguleringsplan skal tilknytt område i sjø også vurderast med tanke på sjørelatert verksemd som t.d. båthamn, jfr omsynssone H810 Krav om felles planlegging.

d. I bustadområde der utnyttingsgrad ikke er fastsett i gjeldande planar er maksimal tomtestørrelse for frådeling til bustadhus 2 daa. Maksimalt tillatt bruksareal er BRA=250m<sup>2</sup>. Maksimal utvendig takhøgde er 9m. Utbygging utover dette krev reguleringsplan.

**Retningslinje:**

- *Det bør etter dispensasjon kunne byggast fritidsbustad også i bustadområde. For slike gjeld føresegner 3.2a-c*

### 3.3 OMRÅDE FOR FRITIDSBUSTADER (SOSI 1120)

Tabellen nedenfor syner område avsett til fritidsbustadføremål.

| Stad         | Fritidsbustader | Daa  | Maks tal nye eininger | Krav om reguleringsplan |
|--------------|-----------------|------|-----------------------|-------------------------|
| Helgøy       | FB1             | 20   | 6                     | Ja                      |
| Askrova      | FB2             | 8    | 3                     |                         |
| Vevlingen    | FB3             | 26   | 10                    | Ja                      |
| Vevlingen    | FB5             | 16   | 5                     | Ja                      |
| Skorpa       | FB11            | 22+5 | 8                     | Ja                      |
| Domba        | FB14            | 111  | 8                     | Ja                      |
| Kittang      | FB15            | 14   | 4                     |                         |
| Stavøy vest  | FB17            | 37   | 8                     | Ja                      |
| Nyttingnes   | FB18            | 14   | 3                     | Ja                      |
| Stavøy aust  | FB20            | 74   | 6                     | Ja                      |
| Nordalsfjord | FB24            | 14   | 3                     |                         |
| Løkkebø      | FB25            | 8    | 3                     |                         |
| Løkkebø      | FB27            | 52   | 6                     | Ja                      |
| Løkkebø      | FB28            | 23   | 4                     | Ja                      |
| Årebrot      | FB29            | 34   | 8                     | Ja                      |
| Klauvene     | FB30            | 11   | 3                     |                         |
| Årebrot      | FB32            | 12   | 5                     | Ja                      |
| Askrova nord | FB34            | 9    | 6                     | Ja                      |
| Skoravika    | FB35            | 54   | 6                     | Ja                      |

|             |      |     |    |    |
|-------------|------|-----|----|----|
| Svanøy      | FB36 | 53  | 10 | Ja |
| Helgøy      | FB37 | 2   | 2  | Ja |
| Svanøy      | FB38 | 104 | 6  | Ja |
| Barlindbotn | FB39 | 43  | 10 | Ja |
| Askrova     | FB40 | 7,5 | 5  | Ja |

- a. Føremålet gjeld byggjeområde for fritidsbustader med tilhørende tekniske anlegg, uthus, garasje, parkering, vegar, mindre bryggje/kai, nettstasjon, pumpehus, leikeplassar og anna fellesareal og frådeling til slike føremål.
- b. I fritidshusområde der utnyttingsgrad ikkje er fastsett i gjeldande planar er maksimal tomtestorleik for frådeling til fritidshus 2 daa. Maksimalt tillatt bruksareal er BRA=150m<sup>2</sup>. På kvar tomt kan plasserast fritidsbustad med inntil to uthus/anneks/garasje. Maksimal utvendig takhøgde er 6m. Utbygging utover dette krev reguleringsplan.
- c. Det skal i særskilt eksponerte og strandnære områder stillast ekstra store krav til terrengtilpassing og redusert hyttestorleik.
- d. FB29: Det skal ikkje kunne etablerast vegtilkomst til området.

#### ***Retningslinje***

- Det bør etter dispensasjon kunne byggast bustad også i fritidsbustadområde. For slike gjeld føresegner for fritidsbustad 3.2a-c*

#### **3.4 FRITIDS- OG TURISTFØREMÅL (SOSI 1170)**

| Stad         | Fritids- og turistføremål | Daa  | Maks tal nye einingar | Merknad                     |
|--------------|---------------------------|------|-----------------------|-----------------------------|
| Nordalsfjord | FR2                       | 16   | 3                     | Krav om reguleringsplan     |
| Askrova      | FR3                       | 20   | 10                    | Rorbu. Krav om regplan      |
| Askrova      | FR4                       | 2    | 5                     | Rorbu. Krav om regplan      |
| Askrova      | FR5                       | 0,5  | 5                     | Rorbu. Krav om regplan      |
| Nuttingnes   | FR6                       | 29,5 | 2                     | Utleiehytter                |
| Årebrot      | C2                        | 12   | 12                    | Campingvogner og spikertelt |

- a. Formålet gjeld byggjeområde for fritids- og turistføremål med tilhørende tekniske anlegg, uthus, garasje, parkering, vegar, mindre bryggje/kai nærare hovudbygning enn 25m, nettstasjon, pumpehus og frådeling til slike føremål. Føremålet omfattar utleiehytter og andre typar overnattingsanlegg.

b. I område for fritids- og turistføremål der utnyttingsgrad ikke er fastsett i gjeldande planar er maksimalt tillatt bruksareal BRA=250m<sup>2</sup>. Maksimal utvendig takhøgde er 9m. Utbygging utover dette krev reguleringsplan. Tiltak skal innpassast i eksisterende struktur og underordne seg eksisterende bygg når det gjeld høyde og volum.

c. For område FR2 gjeld følgende særskilt:

Gjennom reguleringsplan skal sikrast følgende:

- allmenn tilkomst til friluftsområde og badeplass.
- vegkryssing av vann skal ikke endre gjeldende gjennomstrøyming av vassmengde og vassfart
- vegtilkomst skal skje med god terrengtilpassing og minst mogeleg sprenging av fjell
- bygging av og plassering av hyttene skal tilpassast terrenget med minst mogeleg sprenging av fjell
- hyttene skal ikke ligge ved vassdraget
- hyttene skal ha maksimalt tillatt bruksareal på BRA=150m<sup>2</sup> og maksimal utvendig takhøgde på 4,5 m.
- det skal stillast strenge krav til heilskapleg arkitektur, materialbruk, fargeval og siluettverknad

d. Område C2 skal opparbeidast for campingvogner med spikertelt og tilhørende infrastruktur.

### 3.5 SENTRUMSFØREMÅL (SOSI 1130)

| Stad        | Sentrumsføremål | Daa    | Merknad |
|-------------|-----------------|--------|---------|
| Fanøy       | S1              | 260    |         |
| Rognaldsvåg | S2              | 29+133 |         |
| Hovden      | S3              | 72     |         |

a. Føremålet omfattar område for sentrumsføremål.

Bustader:

b. Maksimal tomtestorleik for frådeling til bustadhus er 2 daa. Tillatt bruksareal for bustadomter er BRA=250 m<sup>2</sup>. Maksimal utvendig takhøgde er 9m.

Fritidshus:

c. Maksimal tomtestorleik for frådeling til fritidshus er 1 daa. Tillatt bruksareal for fritidshustomter er BRA=150 m<sup>2</sup>. På kvar tomt kan plasserast fritidsbustad med inntil to uthus/anneks/garasje. Maksimal utvendig takhøgde er 6m.

Næring:

d. Næringsareal/verksemder skal plasserast og utformast slik at dei etter kommunen si vurdering ikke vil vere til vesentleg ulempe for kringliggende busetnad eller allmenne interesser med omsyn til støy, ureining, trafikk eller andre negative konsekvensar for miljø og naboar. Tillatt bruksareal er BRA=400m<sup>2</sup>. Maksimal utvendig takhøgde er 9m. Utbygging utover dette krev reguleringsplan.

Generelt:

e. For nye bygg i området kan gamle natursteinfundament nyttast. Det kan også nyttast stolpar av tre og søyler av betong. Høge ringmurar av betong må forblendast med naturstein.

f. Nybygg med avvik fra tradisjonell utføring skal kunne tillatast ved god arkitektonisk grunngjøring og godt dokumentert søknad.

Sjøbuer innanfor byggegrensa (jfr vedlegg illustrasjon lokalisering sjøbuer):

g. Bruksendring kan godkjennast til slike føremål: bustad, hytte, utleigehytte, museum- og utstillingslokale, galleri, salslokale og produksjonslokale. Det skal ikke tillatast utviding utover eksisterende bygg, og uformning skal følge dei generelle føresegnene 2.9 a-d.

h. Fast kai framfor gamle sjøbuer kan byggast der dette legg til rette for allmenn tilkomst. Det skal ikke lagast verandarekkverk på kaier/brygger. Tiltak på gamle sjøbuer i området skal sendast til regional kulturminnemynde - Sjøfartsmuseet for uttale.

i. Flytebrygger skal ikke forekomme enkeltvis framfor bufrontar, men kan godkjennast som fellesprosjekt. Båtplassar skal primært samlast i fellesanlegg.

j. Byggjegrensa går 1 meter frå veggliv

Naust:

k. Naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap, der båt kan trekkast rett frå sjø til naust. Naust skal ikke omdisponerast eller nyttast som fritidshus eller bustad.

Viktige naturområder:

I. I S3 skal det ikke tillatast tiltak i to viktige naturområder registrert i Fylkesatlas; beiteskog og lauvskog.

### 3.6 RÅSTOFFUTVINNING (SOSI 1200)

| Stad    | Råstoffutvinning | Daa | Merknad                 |
|---------|------------------|-----|-------------------------|
| Løkkebø | RS1              | 67  | Krav om reguleringsplan |
| Løkkebø | RS2              | 31  | Eksisterer              |
| Løkkebø | RS3              | 40  | Eksisterer              |

a. Føremålet omfattar område for steinuttak.

b. I samband med søknad om plan/tiltak skal det utarbeidast driftsplan som skildrar føresetnader og tilhøve før, under og etter driftsperioden. Det skal gå fram korleis området skal settast i stand etter ferdig uttak. For uttak av mineralske førekomstar på totalt meir enn 10000m<sup>3</sup> og uttak av naturstein uavhengig av storlek er det krav om driftskonsesjon etter minerallova.

### 3.7 NÆRINGSOMRÅDE (SOSI 1300)

| Stad | Næringsområde | Daa | Merknad | Krav om reguleringsplan |
|------|---------------|-----|---------|-------------------------|
|------|---------------|-----|---------|-------------------------|

|              |    |     |                          |     |
|--------------|----|-----|--------------------------|-----|
| Svanøy       | N3 | 3   | Kai og lager. Eksisterer |     |
| Seljestokken | N4 | 16  | Båtverkstad. Eksisterer. |     |
| Askrova      | N5 | 1,3 | Båtverkstad              |     |
| Naustholmen  | I1 | 76  | Oljebaseverksemd         | Ja. |

- a. Formålet gjeld byggjeområde for næringsverksemder med tilhøyrande tekniske anlegg, parkering, vegar, mindre kai nærmere hovedbygning enn 25m, slipp, nettstasjon, pumpehus, buffersone og frådeling til slike føremål. Føremålet omfattar industri-, handverks- og lagerverksemder.
- b. Næringsareal/verksemder skal plasserast og utformast slik at dei etter kommunen si vurdering ikkje vil vere til vesentleg ulempe for kringliggende busetnad eller allmenne interesser med omsyn til støy, ureining, trafikk eller andre negative konsekvensar for miljø og naboar. Tiltak skal innpassast i eksisterande struktur og underordne seg eksisterande bygg når det gjeld høgde og volum.

### 3.8 IDRETTSANLEGG (SOSI 1400)

| Stad    | Idrettsanlegg | Daa | Merknad    |
|---------|---------------|-----|------------|
| Svanøy  | SK1           | 7   | Skytebane  |
| Askrova | L1            | 1   | Leikeplass |

Føremålet omfattar eksisterande idrettsanlegg med tilhøyrande bygningar, anlegg, parkerings- og vegareal. Innanfor områda kan det oppførast mindre bygg og tiltak som har naturleg samanheng med idrettsaktivitetane utan reguleringsplan.

### 3.9 ANDRE TYPAR BYGG OG ANLEGG (SOSI 1500)

| Stad              | Andre typar bygg og anlegg | Daa | Type tiltak | Maks tal nye einingar |
|-------------------|----------------------------|-----|-------------|-----------------------|
| Austneset Svanøy  | Na1                        | 2   | Naust       | 3                     |
| Nyttingnes        | Na2                        | 8   | Naust       | 5                     |
| Færøy             | Na3                        | 1,4 | Naust       | 3                     |
| Indre Rekstavågen | Na4                        | 3,5 | Naust       | 3                     |
| Båtevågen Reksta  | Na5                        | 4   | Naust       | 5                     |
| Skorpa vest       | Na6                        | 17  | Naust       | 5                     |
| Vevlingen Nord    | Na7                        | 0,1 | Naust       | 1                     |

|            |      |      |       |    |
|------------|------|------|-------|----|
| Sandvika   | Na8  | 3    | Naust | 3  |
| Askrova    | Na9  | 6    | Naust | 5  |
| Askrova    | Na10 | 1,4  | Naust | 10 |
| Husefest   | Na11 | 5    | Naust | 2  |
| Årebrot    | Na12 | 1,2  | Naust | 2  |
| Årebrot    | Na13 | 6    | Naust | 5  |
| Årebrot    | Na14 | 2,4  | Naust | 3  |
| Svanøy     | Na16 | 0,7  | Naust | 2  |
| Nyttingnes | Na18 | 0,2  | Naust | 2  |
| Reksta     | Na19 | 1,1  | Naust | 5  |
| Uførevika  | Na20 | 0,25 | Naust | 1  |
| Nyttingnes | Na21 | 0,25 | Naust | 1  |

- a. Naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap, der båt kan trekkastr rett frå sjø til naust. Naust skal ikkje omdisponerast eller nyttast som fritidshus eller bustad.
- b. Plassering av nye naust skal ikkje hindre fri ferdsel. Naustområde skal reknast som utmark, og det skal vere mogeleg for ålmenta å ferda framfor naust og mellom naustgrupper. Det er ikkje tillatt med gjerde/levegg eller andre stengsler.
- c. Naust skal tilpassast landskap og terrenget. Det skal gjerast minst mogeleg terrengeinngrep/utfylling både på land og i sjø.
- d. Naust kan oppførast med maks utvendig takhøgde 6,5 meter frå lågaste golvnivå eller frå normalt høgvatn. Maksimalt bruksareal per naust er BRA = 60m<sup>2</sup>. For naust i område med eksisterande naust og sjøbuer skal byggjehøgde og bruksareal tilpassast eksisterande miljø.
- e. Nausta skal ikkje kunne isolerast eller innreiast for opphold. Altan, balkong, terrasse, utkraging eller andre privatiserande bygningsdelar er ikkje tillatt. Dagslysflata på vindaugeareal skal ikkje overstige 6% av hovudplanet sitt bruksareal (BRA). Nausta skal ha uthuskarakter med omsyn til form, vindauge, materialbruk, overflatehandsaming mv.
- f. Framfor nausta kan det etablerast båtopptrekk (skinnegang) og vorr til ombord- og ilandstigning.
- g. Det skal kunne etablerast både fast kai og feste for flytebrygge i området. Maksimal lengde på flytebrygge skal vere 12 m. Den krevast utforma med treskjørt, naturnært fargeval og generelt ha god estetisk utforming.
- h. Det skal kunne etablerast vegtilkomst til naustområde.
- i. Byggegrense i naustområda følger formålsgrensa.

### 3.10 GRAV- OG URNELUND (SOSI 1700)

| Stad   | Grav og urnelund | Daa | Merknad | Krav om reguleringsplan |
|--------|------------------|-----|---------|-------------------------|
| Reksta | G1               | 3,5 |         |                         |

a. Formålet skal nyttast til gravplass og naturleg tilhørende anlegg, herunder parkering.

## 4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (§ 11-7 NR.2)

### 4.1 HAMN (SOSI 2040)

| Stad        | Hamn | Daa | Merknad                 | Krav om reguleringsplan |
|-------------|------|-----|-------------------------|-------------------------|
| Fanøy       | H1   | 4   | Fiskerikai              | Ja                      |
| Eikefjord   | H4   | 12  | Tømmerkai               |                         |
| Klavfjorden | H5   | 57  |                         | Ja                      |
| Skorpa      | H7   | 36  | Fiskerikai. Eksisterer. |                         |

Føremålet omfattar trafikkhamner, statlege fiskerihamner og hamner til andre næringsføremål. I statleg fiskerihamn skal området nyttast til bygg og anlegg i tilknyting til fiskerinæringa. Områda skal ikkje byggjast ut slik at veggtilkomst til kai vert hindra.

## 5 GRØNNSTRUKTUR (§ 11-7 NR. 3)

### 5.1 FRIOMRÅDE (SOSI 3040)

| Stad   | Friområde | Daa | Merknad   |
|--------|-----------|-----|-----------|
| Svanøy | F1        | 13  | Badeplass |

Området Leiren på Svanøy skal nyttast til bading, leik og idrett. Innanfor området kan det oppførast anlegg og mindre bygningar som har naturleg tilknyting til og som fremjar bruken av området i høve til friluftsliv, rekreasjon og fysisk aktivitet. Før det vert gjeve løyve til tiltak i området, må det ligge føre teikningar for aktuelle tiltak.

## 6 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (§11-7 NR. 5)

### 6.1 LNF-OMRÅDE (SOSI 5100)

Heimel: Pbl §11-7 nr. 5 a) og §11-11 nr.1-2

- a. Føremålet gjeld landbruks- natur og friluftsområde med nødvendige tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sine ressursar.
- b. I bygde stølsområde (på stølsvollen) kan stølshus i samband med landbruksnæring berre oppførast der det kan dokumenterast eller sannsynleggjera at det tidlegare har stått slik bygning, hovudsakleg på gamle tufter. Nye bygninger og tilbygg skal tilpasse seg stølsområdet sine rammer og dimensjonar, og i form, materialbruk og fargebruk følgje tradisjonell, lokal byggjeskikk i stølsområdet. Største byggjegrunnflate for einskildbygg skal vere 30m<sup>2</sup>. Bygningar skal ha saltak og tekking av ikkje-reflekterande materiale.

**Retningslinje:**

- Ved sakshandsaming av søknader om dispensasjon til utbygging i LNF-område, jfr. pbl §11-7 nr. 5 a, bør krava som er stilt til tilsvarande føremål i LNF-område med spreidd utbygging (planføresegnene pkt. 5.2) gjelde tilsvarande. Ved særlege arkitektoniske kvalitetar kan ein fråvike dette.
- Dispensasjonsøknad om bruksendring av sjøbuer til bustad, fritidsbustad, eller næringsaktivitet kan vurderast etter grunngitt søknad, jfr pbl §§ 19, 1-3.
- Ved dispensasjonssøknad om bruksendring av eksisterande sjøbuer, skal føresegner punkt 2.9 a-k og 6-2 j-l leggast til grunn. Utfyllande spesifisering er å finne i Rapport Forvaltning og utvikling av sjøhus i Flora, Nordplan 2015.
- Dispensasjonssøknad om oppføring stølshus for ikkje-landbrukstilknytt verksemd kan vurderast etter grunngitt søknad, jfr pbl §§ 19, 1-3
- Ved dispensasjonssøknad om oppføring av stølshus som ikkje er landbrukstilknytt på gamle tufter, skal følgje føresegn 6.1b.
- Ved dispensasjonssøknad om oppføring av båtplass/brygge bør vektleggast dokumentasjon på båtfeste eller liknande. Områder med gode hamneforhold, dvs beskytta mot ver og vind skal og tilleggast vekt ved slik søknad. For slike tiltak gjeld føresegn 2.7c om omfang og estetisk utforming.

## 6.2 LNF-OMRÅDE FOR SPREIDD UTBYGGING (SOSI 5200)

Heimel: Pbl § 11-7 nr. 5 b) og §11-11 nr.1-2

Tabellen viser områder som er lagt ut til spreidd utbygging.

| Stad            | Spreidd<br>utbygging | Daa                 | Maks tal nye einingar | Merknad    |
|-----------------|----------------------|---------------------|-----------------------|------------|
| Askrova         | SPB5-10              | 634+70+78+31+10+125 | 15                    | Eksisterer |
| Batalden        | SPB13                | 65                  | 5                     | Eksisterer |
| Skorpa          | SPB14                | 188                 | 10                    | Eksisterer |
| Ytre Rekstavåg  | SPB16                | 49                  | 5                     | Eksisterer |
| Indre Rekstavåg | SPB19                | 77                  | 5                     | Eksisterer |
| Reksta nord     | SPB20                | 356                 | 5                     | Eksisterer |
| Søre Nekkøy     | SPB23                | 27                  | 5                     | Framtidig  |

|               |          |                     |    |                    |
|---------------|----------|---------------------|----|--------------------|
| Hovdevåg      | SPB24    | 8                   | 3  | Eksisterer         |
| Barekstad     | SPB25    | 516                 | 10 | Eksisterer         |
| Svanøy        | SPB28    | 19                  | 3  | Eksisterer         |
| Svanøy        | SPB30-33 | 37+96+73+639        | 5  | Eksisterer         |
| Stavøy        | SPB34    | 12                  | 3  | Eksisterer         |
| Steinhovden   | SPB35    | 1806                | 5  | Eksisterer         |
| Little Høydal | SPB36    | 395                 | 5  | Eksisterer         |
| Store Høydal  | SPB37    | 561                 | 5  | Eksisterer         |
| Stavøy        | SPB38    | 192                 | 3  | Eksisterer         |
| Steinhovden   | SPB42    | 129                 | 3  | Eksisterer         |
| Barlindbotn   | SPB43-44 | 17+124              | 10 | Eksisterer         |
| Nordalsfjord  | SPB48-53 | 28+36+66+123+43+696 | 20 | 48-49<br>framtidig |
| Nordalsfjord  | SPB55    | 5                   | 2  | Eksisterer         |
| Nordalsfjord  | SPB56    | 44                  | 5  | Framtidig          |
| Storebru      | SPB58-59 | 9+495               | 10 | 58 framtidig       |
| Løkkebø       | SPB61    | 61                  | 5  | Framtidig          |
| Årebrot       | SPB62    | 500                 | 10 | Eksisterer         |
| Hovden        | SPB66    | 78                  | 3  | Eksisterer         |
| Høydalsfjord  | SPB68    | 115                 | 5  | Framtidig          |
| Nyttingnes    | SPB70    | 122                 | 5  | Eksisterer         |
| Askrova       | SPB71    | 229                 | 5  | Eksisterer         |
| Færøy         | SPB72    | 7,6                 | 3  | Framtidig          |
| Løkkebø       | SPB73    | 39                  | 5  | Eksisterer         |
| Løkkebø       | SPB74    | 6,3                 | 3  | Framtidig          |
| Nordalsfjord  | SPB77    | 17                  | 3  | Framtidig          |
| Hovden        | SPB78    | 3,6                 | 2  | Eksisterer         |
| Stavøy        | SPB79    | 127                 | 3  | Eksisterer         |
| Nordalsfjord  | SPB80    | 137                 | 3  | Eksisterer         |

|              |       |     |   |            |
|--------------|-------|-----|---|------------|
| Nordalsfjord | SPB81 | 193 | 3 | Eksisterer |
| Fanøy        | SPB82 | 54  | 3 | Framtidig  |
| Nyttingnes   | SPB83 | 0,4 | 1 | Framtidig  |
| Årebrot      | SPB84 | 3,6 | 1 | Eksisterer |

- a. Føremålet gjeld landbruks-, natur- og friluftsområde med nødvendige tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksem basert på garden sine ressursar, og spreidd bustad-, fritids- og næringsbygningar, jf. pbl §11-7 nr. 5 b. Tal på einingar som kan oppførast innanfor planperioden i det enkelte delområdet går fram av tabellen over. Innanfor omgrepet einingar høyrer bustad, fritidsbustad og lettare næringsverksem. Byggegrense mot sjø er identisk med formåls grense.
- b. Som del av tillatt bygning, jfr. tabell i planføresegnene, vert òg rekna oppføring av tilhøyrande tekniske anlegg, uthus, garasje, parkering og avkjørsle og frådeling til slike føremål. Som næringsbygg vert her rekna forretningar (sosi 1150), offentleg eller privat tenesteyting (sosi 1160), fritids- og turistføremål (sosi 1170) og næringsbebyggelse (sosi 1300).
- c. I område sett av til spreidd utbygging er det ikkje krav om reguleringsplan dersom ikkje anna er sagt for det enkelte området. Før søknad om tiltak kan godkjennast skal det utarbeidast detaljert utomhusplan/situasjonsplan. Situasjonsplanen skal syne tomtedeling, plassering og hovudform på bygningar, parkering, veg og traséar for annan infrastruktur, inkludert høgder på terrenget og bygningar. Det skal utarbeidast illustrasjonar og terrengsnitt som syner bygningsvolum og form, materialbruk og tilpassing til terrenget og omgjevnader, inkludert tilgrensande bygningar.
- d. Det skal ikkje byggjast på drivverdig dyrka mark, på samanhengande innmarksbeite av høg verdi eller på samanhengande skogsområde med høg bonitet.
- e. Det skal ikkje gjevast løyye til tiltak som kjem i konflikt med verdifulle kulturminne/kulturmiljø, naturmiljø, friluftsområde og leikeareal for born og unge og tilgangen til desse. Nye bygningar skal plasserast i tilknyting til eksisterande bygningar og infrastruktur.
- Bustader:
- f. Maksimal tomtestorleik for frådeling til bustadhus er 2 daa. Tillatt bruksareal for bustadomter er BRA=250 m<sup>2</sup>. Maksimal utvendig takhøgde er 9m.
- Fritidshus:
- g. Maksimal tomtestorleik for frådeling til fritidshus er 1 daa. Tillatt bruksareal for fritidshustomter er BRA=150 m<sup>2</sup>. På kvar tomt kan plasserast fritidsbustad med inntil to uthus/anneks/garasje. Maksimal utvendig takhøgde er 6m.
- Næring:
- h. Næringsareal/verksemder skal plasserast og utformast slik at dei etter kommunen si vurdering ikkje vil vere til vesentleg ulempe for kringliggjande busetnad eller allmenne interesser med omsyn til støy, ureining, trafikk eller andre negative konsekvensar for miljø og naboar. Tillatt bruksareal er BRA=400m<sup>2</sup>. Maksimal utvendig takhøgde er 9m. Utbygging utover dette krev reguleringsplan.
- Sjøbuer (jfr vedlegg illustrasjon lokalisering sjøbuer):
- i. Bruksendring kan godkjennast til slike føremål: bustad, hytte, utleiehytte, museum- og utstillingslokale, galleri, salslokale og produksjonslokale. Det skal ikkje tillatast utviding utover eksisterande bygg, og uforming skal følgje dei generelle føresegnene 2.9 a-d. Gjeld SPB6 a og b.

k. Fast kai framfor gamle sjøbuer kan byggast der dette legg til rette for allmenn tilkomst. Det skal ikke lagast verandarekkverk på kaier/brygger. Tiltak på gamle sjøbuer i området skal sendast til regional kulturminnemynde - Sjøfartsmuseet for uttale.

l. Flytebrygger skal ikke forekomme enkeltvis framfor bufrontar, men kan godkjennast som fellesprosjekt. Båtplassar skal primært samlast i fellesanlegg. Det skal kunne etablerast båtplass framfor eiga bu.

m. Byggjegrensa går 1 meter fra veggiv

Andre tiltak:

n. Mindre vasskraftverk ol. som er unntake konsesjonshandsaming etter vannressurslova og kraftleidningar, nettstasjonar ol. innanfor områdekonsesjon etter energilova kan oppførast utan dispensasjon.

o. For SPB58, SPB61-62 gjeld byggegrense 30 m mot vassdrag.

### 6.3 SPREIDD FRITIDSBUSTAD (SOSI 5220)

| Stad            | Spreidd fritidsbustad | Daa | Maks tal nye einingar | Merknad   |
|-----------------|-----------------------|-----|-----------------------|-----------|
| Fugløy          | SPH1                  | 8   | 2                     | Framtidig |
| Little Langeråa | SPH2                  | 1   | 2                     | Framtidig |
| Little Batalden | SPH3                  | 7   | 2                     | Framtidig |

a. Føremålet gjeld landbruks-, natur- og friluftsområde med nødvendige tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksem basert på garden sine ressursar, og spreidd fritidsbygningar, jf. pbl §11-7 nr. 5 b. Tal på einingar som kan oppførast innanfor planperioden i det enkelte delområdet går fram av tabellen over. Byggegrense mot sjø framgår av kartet. I tillegg gjeld føresegner 6.2c,d,e,g

b. Bruksendring kan godkjennast til slike føremål: fritidsbustad

c. Fast kai framfor gamle sjøbuer kan byggast der dette legg til rette for allmenn tilkomst. Det skal ikke lagast verandarekkverk på kaier/brygger. Tiltak på gamle sjøbuer i området skal sendast til regional kulturminnemynde - Sjøfartsmuseet for uttale.

d. Flytebrygger skal ikke forekomme enkeltvis framfor bufrontar, men kan godkjennast som fellesprosjekt. Båtplassar skal primært samlast i fellesanlegg. Det skal kunne etablerast båtplass framfor eiga bu.

### 6.4 SPREIDD NÆRING (SOSI 5230)

| Stad   | Spreidd næring | Daa | Merknad   |
|--------|----------------|-----|-----------|
| Svanøy | SPN1           | 18  | Framtidig |

|             |          |      |           |
|-------------|----------|------|-----------|
| Svanøy      | SPN2     | 0,13 | Framtidig |
| Barlindbotn | SPN3 a,b | 0,2  | Framtidig |
| Rognaldsvåg | SPN4     | 0,15 | Framtidig |

a.Føremålet gjeld landbruks-, natur- og friluftsområde med nødvendige tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemnd basert på garden sine ressursar og spreidde næringsbygningar, jf. pbl §11-7 nr. 5 b. Byggegrense mot sjø framgår av kartet.

Sjøbuer (jfr vedlegg illustrasjon lokalisering sjøbuer):

i.Bruksendring kan godkjennast til slike føremål: utleiehytte, museum- og utstillingslokale, galleri, salslokale og produksjonslokale. Det skal ikkje tillatast utviding utover eksisterande bygg, og uforming skal følgje dei generelle føresegnene 2.9 a-d. Gjeld SPN2, SPN3 a og b, SPN4.

k.Fast kai framfor gamle sjøbuer kan byggast der dette legg til rette for allmenn tilkomst. Det skal ikkje lagast verandarekkverk på kaier/brygger. Tiltak på gamle sjøbuer i området skal sendast til regional kulturminnemynde - Sjøfartsmuseet for uttale.

l.Flytebrygger skal ikkje forekomme enkeltvis framfor bufrontar, men kan godkjennast som fellesprosjekt. Båtplassar skal primært samlast i fellesanlegg. Det skal kunne etablerast båtplass framfor eiga bu.

m. Byggjegrensa går 1 meter frå veggiv

## 7 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE

### STRANDSONE (§ 11-7 NR. 6)

#### 7.1 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (SOSI 6001)

Området kan nyttast til ferdsel, fiske, drikkevatn, natur- og friluftslivsføremål. Føremålet omfattar òg skjelsanduttak og oppføring av navigasjonsinnretningar.

#### 7.2 FERDSEL (SOSI 6100)

| Stad      | Ferdsel | Daa | Merknad                             |
|-----------|---------|-----|-------------------------------------|
| Fanøy     | FE4     | 11  | Ved hamn H1                         |
| Eikefjord | FE5     | 16  | Ved hamn H4                         |
| Reksta    | FE6     | 22  | Ved A2, landbasert akvakulturområde |

|                    |    |  |                           |
|--------------------|----|--|---------------------------|
| Hellefjorden       | FE |  | Registrert ankringsområde |
| Botnastranda 2 stk | FE |  | Registrert ankringsområde |
| Aust for Hovden    | FE |  | Registrert ankringsområde |
| Nord for Rota      | FE |  | Registrert ankringsområde |
| Aust for Vevlingen | FE |  | Registrert ankringsområde |
| Husefest           | FE |  | Registrert ankringsområde |

Føremålet gjeld ferdsel for næringstrafikk i tilknyting til kai og ankringsområde. Tiltak og aktivitet i områda som kan vere til hinder for ferdsel er ikkje tillatt.

### 7.3 FARLEI (SOSI 6200)

Føremålet omfattar hovud- og bilei (linjesymbol). Tiltak og aktivitet i områda som kan vere til hinder for ferdsel er ikkje tillatt.

### 7.4 SMÅBÅTHAMN (SOSI 6230)

Områda er eksisterande småbåthamner.

| Stad             | Småbåthamn | Maks tal båtplassar totalt | Merknad      |
|------------------|------------|----------------------------|--------------|
| Askrova          | BH1        | 10                         | Småbåtanlegg |
| Vevlingen        | BH2        | 10                         | Småbåtanlegg |
| Vevlingen        | BH3        | 10                         | Småbåtanlegg |
| Kvalstad Svanøy  | BH4        | 10                         | Småbåthavn   |
| Rognaldsvåg      | BH5        | 10                         | Småbåtanlegg |
| Rognaldsvåg      | BH6        | 20                         | Småbåtanlegg |
| Båtevågen Reksta | BH7        | 10                         | Småbåtanlegg |
| Husefest         | BH8        | 6                          | Småbåtanlegg |
| Sandvika         | BH9        | 6                          | Småbåtanlegg |
| Askrova          | BH12       | 20                         | Småbåthavn   |
| Askrova          | BH13       | 20                         | Småbåthavn   |
| Årebrot          | BH14       | 10                         | Småbåtanlegg |

|            |      |    |              |
|------------|------|----|--------------|
| Bjørnset   | BH15 | 10 | Småbåtanlegg |
| Årebrot    | BH16 | 10 | Småbåtanlegg |
| Vevlingen  | BH18 | 3  | Småbåtanlegg |
| Reksta     | BH19 | 3  | Småbåtanlegg |
| Svanøy     | BH20 | 10 | Småbåtanlegg |
| Nyttingnes | BH21 | 5  | Småbåtanlegg |
| Svanøy     | BH22 | 5  | Småbåtanlegg |
| Nyttingnes | BH23 | 1  | Småbåtanlegg |

- a. Innanfor eksisterande område kan det etablerast kaifronter, brygger, flytebrygger, slipp, kran og servicebygg for lagring av utstyr knytta til drift av småbåthamna. Utmudring, plastring og mindre justeringar av molo er tillatt. Ved vesentleg endring av molo eller auke av tal båtplassar utover 10 må det utarbeidast reguleringsplan, jfr. planføresegnene pkt. 2.1 d.
- b. Ved fylling og mudring krevast miljøundersøkingar, og løyve innhentast hos Fylkesmannen.
- c. For BH14 aust for neset kan kun opparbeidast vegtilkomst for gåande.

*Retningslinje:*

- Flytebrygger bør utformast med treskjørt, naturnært fargeval og generelt ha god estetisk utforming.

## 7.5 FISKE (SOSI 6300)

Tabellen viser områder for rekefelt.

|        |          |
|--------|----------|
| R1-R23 | Rekefelt |
|--------|----------|

- a. Føremålet omfattar rekefelt. Faste installasjonar som er til hinder for utøving av fiske er ikkje tillate.
- b. Unummererte områder omfattar låssettingsplassar. Tiltak i sjø som mindre kaiar og flytebrygger kan tillastast, dersom dei ikkje er til hinder for bruk av området som låssettingsplass. Fiskarar skal ha rett til å fortøye merder i brygga dersom det er trong for det, jfr. havressurslova §27 Lås- og stengsetjing. Låssettingsanlegget skal ikkje leggast slik at det sperrar for tilflot til brygga. Før det vert gjeve løyve til tiltaket, skal Fiskeridirektoratet region vest få høve til å uttale seg.

## 7.6 OMRÅDE FOR AKVAKULTUR (SOSI 6400)

Tabellen viser områder for akvakultur.

| Lokalitet    | Akvakultur | Daa | Merknad                         |
|--------------|------------|-----|---------------------------------|
| Teisthalsen  | A1         | 42  | Ikkje i bruk, frå gammal plan   |
| Indre Reksta | A2         | 43  | Ny. Landanlegg. Krav om regplan |

|                |     |     |  |
|----------------|-----|-----|--|
| Svanøy         | A3  | 12  | Settefisk land                                   |
| Svanøy         | A4  | 10  | Ny. Utviding settefisk land. Krav om regplan.    |
| Svanøy         | A5  | 252 | Eksisterer                                       |
| Svanøy         | A7  | 312 | Ny   |
| Botnafjorden   | A8  | 236 | Krav om lukka oppdrettsteknologi                 |
| Svanøy         | A9  | 5   | Landstasjon                                      |
| Flåtegrunnen   | A10 | 116 | Eksisterer                                       |
| Langeråa       | A11 | 639 | Eksisterer                                       |
| Oddane         | A12 | 210 | Eksisterer                                       |
| Vågsøya        | A13 | 163 | Eksisterer                                       |
| Austneset      | A14 | 210 | Eksisterer                                       |
| Veiesund       | A15 | 210 | Eksisterer                                       |
| Klavelandet    | A16 | 164 | Eksisterer                                       |
| Sveholmane     | A17 | 50  | Eksisterer                                       |
| Seljeseth      | A18 | 222 | Eksisterer                                       |
| Steinvik       | A19 | 129 | Eksisterer. Krav om regplan for utviding på land |
| Træsflua       | A20 | 506 | Ikkje i bruk, frå gammal plan                    |
| Grunnsøya      | A21 |     | Vidareført frå gammal plan                       |
| Saga           | A23 | 143 | Ikkje i bruk, frå gammal plan                    |
| Nordalsfjord   | A24 | 157 | Ikkje i bruk, frå gammal plan                    |
| Skorpefjorden  | A25 | 255 | Ikkje i bruk, frå gammal plan                    |
| Svanøy         | A26 | 300 | Ikkje i bruk, frå gammal plan                    |
| Ålvora         | A27 | 212 | Eksisterer                                       |
| Haukå          | A28 | 25  | Settefiskanlegg. Krav om regplan for utviding    |
| Høydalsfjorden | A29 | 265 | Krav om lukka oppdrettsteknologi                 |

a. Innanfor føremålet kan det leggast ut akvakulturanlegg. Fortøyningene skal kunne gå utenom. Der fortøyningane går utanom, og det er fare for konflikt med andre interesser i vass-søyla, er det krav om at dei skal leggast slik at dei ikkje kjem i konflikt med båttrafikk, utøving av fiske eller anna sjørelatert verksemd. Tiltak skal vere avklart og godkjent av Kystverket og Fiskeridirektoratet.

b. Bruk av kitinhemmarar er ikkje tillatt i desse områda.

c. Innanfor A8 og A29 er det krav om lukka oppdrettsteknologi.

## 7.7 AREAL FOR KOMBINERT FORMÅL (SOSI 6800)

|                 |         |      |                                  |
|-----------------|---------|------|----------------------------------|
| Gåsøya          | A22     | 1103 | Ikkje i bruk, frå gammal plan    |
| Flåtegrunnen    | R10/A10 | 309  | Eksisterer                       |
| Sveholmane      | R14/A17 | 160  | Eksisterer                       |
| Høydalsfjorden  | R15/A29 | 135  | Krav om lukka oppdrettsteknologi |
| Ålvora          | R16/A27 | 237  | Eksisterer                       |
| Nordalsfjorden  | R17/A24 | 24   | Ikkje i bruk, frå gammal plan    |
| Teisthalsen     | R21/A1  | 58   | Ikkje i bruk, frå gammal plan    |
| Træneset        | R23/A20 | 311  | Vidareført frå gammal plan       |
| Gåsøya          | R23/A22 | 1028 | Vidareført frå gammal plan       |
| Årebrotsfjorden | FE/R20  | 355  |                                  |
| Hellefjorden    | FE/R22  | 69   |                                  |

a. Innanfor A22 kan det leggast ut akvakulturanlegg, men båttrafikken langs eksisterande farlei skal takast omsyn til. For akvakulturanlegg skal fortøyninger kunne gå utanom. Der fortøyningane går utanom, og det er fare for konflikt med andre interesser i vass-søyla, er det krav om at at dei skal leggast slik at dei ikkje kjem i konflikt med båttrafikk, utøving av fiske eller anna sjørelatert verksemeld. Tiltak skal vere avklart og godkjent av Kystverket og Fiskeridirektoratet.

b. Innanfor R10/A10, R14/A17, R15/A29, R16/A27, R17/A27, R21/A1, R23/A20, R23/A22 kan det leggast ut akvakulturanlegg, men rekefelta skal takast omsyn til slik at dei ikkje er til direkte hindring for reketråling. Før utlegging av fortøyninger skal plassering avklarast med Fiskeridirektoratet. Bruk av kitinhemmarar er ikkje tillatt i desse områda.

## 7.7 FRILUFTSOMRÅDE I SJØ (SOSI 6700)

Området ligg i tilknytning til badeplass F1a.

| Stad   | Friluftsområde | Daa | Merknad         |
|--------|----------------|-----|-----------------|
| Svanøy | F2             | 34  | Badeareal i sjø |

## 8 OMSYNSSONER (§11-8 A-F)

### 8.1 SIKRINGSSONE (H110)

Nedslagsfelt for drikkevatn H110: Innanfor omsynssona vert ikkje tiltak som kan verke negativt inn på vasskvaliteten eller føre til forureining av vassforsyningssystemet tillate (jfr. drikkevassforskrifta).

## 8.2 FARESONE (H310, H370)

- a. Ras- og skredfare H310: Innanfor omsynssona skal det i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller søknad om tiltak gjennomførast kartlegging og vurdering av ras- og skredfare. Kartlegging og vurdering skal utførast av fagkunnig, og eventuelle naudsynte sikringstiltak skal vere gjennomført før området kan takast i bruk.
- b. Høgspenningsanlegg H370: Innanfor omsynssona må tiltak etablerast med avstandar til kraftline/trafo slik at ein overheld krav etter regelverk under el-tilsynslova (lov 2009-06-19-103).

## 8.3 BANDLEGGINGSONE (H710, H720, H730, H740)

- a. Bandlegging for regulering etter plan- og bygningslova H710: Innanfor omsynssona skal det utarbeidast ny reguleringsplan. Det vert ikkje gjeve løyve til tiltak som kan hindre eller vanskeleggjere gjennomføring av føremålet i reguleringsplanen.
  - H710\_1 : Reguleringsplan skal avklare framtidig industri- og næringsareal i tilknytning til tilliggande industriareal.
  - H710\_2: Reguleringsplan skal avklare framtidig bruk til bustader og anna lettare service- og næringsverksemد
- b. Bandlegging etter naturmangfaldlova H720: Omsynssonene omfattar område som er verna etter naturvernlova/naturmangfaldlova som naturreservat. Tiltak i omsynssonene skal ikkje vere i strid med gjeldande verneforskrifter for områda.
- c. Bandlegging etter lov om kulturminne H730: Omsynssonene omfattar område som er verna etter kulturminnelova. Bandlegging omfattar øg automatisk freda og vedtaksfreda kulturminne som er merka i grunnlagskartet med rune-R. Tiltak i områda skal ikkje vere i strid med gjeldande verneforskrifter for områda eller andre føresegner i eller i medhald av kulturminnelova. Ved tiltak som rører kulturminna vert det kravd særskilt løyve frå Riksantikvaren.

H730\_1: Nordre Nærøy, H730\_2-5:Årebrot, H730\_6: Reksta, H730\_7: Store Kroksøya, Hovden, H730\_8: Askrova aust, H730\_9: Steinaneset, H730\_10: Svortevika, H730\_11: Ytterøyane fyr, H730\_12: Stabben fyr, H730\_13: Svanøy Hovedgård, H730\_14: Stakaldeneset, H730\_15: Kinn kyrkje, H730\_16: Villevika

### 1. For mellomalderkyrkjestadane Kinn og Svanøy gjeld:

Mellomalderkyrkjegardene er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegardane er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep.”

Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette kulturminnestyresmakt, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagd sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar.

### 2. For Kinn kyrkje gjeld:

Kinn kyrkje er automatisk freda kyrkje. All bygging nærmare kyrkja enn 60 meter er forbode etter kyrkjelova § 21 femte ledd, utan løyve frå biskopen. Saker som gjeld Kinn kyrkje skal handsamast av Riksantikvarens omfattar vedtak etter kulturminnelova.

d. Bandlegging etter andre lover H740\_1: Omsynssonene omfattar område som er bandlagt etter følgjande lovverk: Sone H740\_1 omfattar område der det er søkt om konsesjon iht. vassressurslova/vassdragsreguleringslova (vassdrag). Det vert ikkje gjeve løyve til tiltak i området før konsesjonssøknaden er avklart.

e. Verna vassdrag H740: Omsynssonene omfattar område med vassdrag som er verna gjennom verneplan for vassdrag. Føresegner gitt i vassressurslova kap. 5 og i rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag gjeld.

## 8.4 GJENNOMFØRINGSSONE (H810)

Før gjennomføring av tiltak vert det stilt krav om felles planlegging for heile området, inkludert sjøområda.

## 8.5 SONE MED ANGITTE SÆRLEGE OMSYN (H510, H530, H550, H560, H570)

### Retningslinje

a. Omsyn landbruk H510: Omsynssonene omfattar område som er vurdert som kjerneområde for landbruk. I desse områda bør landbruksverksem og kulturlandskap prioriterast i eit langsiktig perspektiv, og landbruksinteressene bør vektleggjast ved handsaming av søknad om tiltak i områda. Innanfor sona bør ikke tillatast tiltak som kan forringe eller føre til driftsulemper for landbruket.

b. Omsyn friluftsliv H530: Omsynssonene omfattar område som har særleg verdi for friluftsliv. I desse områda bør landskaps- og friluftslivsinteressene prioriterast og vektleggast ved handsaming av søknad om tiltak i områda. Innanfor sona bør ikke tillatast tiltak som kan hindre tilgang til og bruk av området til friluftsliv, eller redusere eksisterande tilstand, kvalitet og opplevingsverdi på anna vis.

c. Omsyn landskap H550: I omsynssoener for kulturlandskapet bør ikke kulturminne som steingardar, rydningsrøyser, steinsette bekkefar o.a. fjernast eller forfalle.

H550 Kinn, H550 Grøndalen

Det bør ikke gjerast planering, graving eller fylling som endrar landskapskarakteren eller i nemnande grad terregnprofilen. Eksisterande hytter, naust og uthus bør haldast ved like, utan vesentleg endring i materialbruk eller storleik. Bruk, tilkomst og tekniske løysingar bør underordne seg omsyna som ligg til grunn for soneføremålet.

d. Bevaring naturmiljø H560: Omsynssonene omfattar område som har særleg verdi for naturmiljø og biologisk mangfald, inklusive gyteområde for fisk. I desse områda bør langsiktig vern av det biologiske mangfaldet prioriterast og vektleggast ved handsaming av søknad om tiltak i områda . Innanfor sonene bør det som hovudregel ikke gjerast inngrep. Dersom inngrep likevel vert vurdert, bør konsekvensane av tiltaket og framlegg til evt. avbøtande tiltak gjerast greie for.

e. Bevaring kulturmiljø H570: Omsynssonene omfattar område som har særleg verdi som kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.

H570\_1: Hovdevåg, H570\_2: Barekstad, H570\_3: Fanøy, H570\_4: Rognaldsvåg, H570\_5: Tansøy.

I desse områda bør kulturminneverdiane prioriterast og vektleggast ved handsaming av søknad om tiltak i områda. Føreslårte tiltak bør fremje vern av kulturminnet eller kulturmiljøet. Tiltak bør lokalisera og utformast slik at dei underordnar seg eller byggjer opp om eksisterande kulturmiljø og kulturlandskap. Det bør ikke gjevest løyve til tiltak som kjem i konflikt med verdifulle kulturminne, forstyrrar heilskapen i kulturmiljøet eller kulturlandskapet eller reduserer eksisterande kvalitet og opplevingsverdi.